

# Møtereferat

**Til:** Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest

**Kopimottakarar:** Elisabeth B. Salte, Claus Ingebrigtsen, Pål Berger, Kari Toftøy-Andersen, Grete Knudsen, Linn Bæra, Harald Lindvik, Sven Hove, Oddveig Birkeland, Grete Müller

**Forfall:** Harald Lindvik, Oddveig Birkeland

**Møteleiar:** Linn Bæra, leiar

**Møtedato:** 16.03.2015

**Klokkeslett:** 13.30-14.30

**Møtenr:** 3/15

**Møtestad:** Jørgen Sandbergs hus (administrasjonsbygget (rødt hus) på Haukeland Universitetssjukehus). Stort møterom, 2. etg

**Arkivref:** -

---

Fellesmøtet med brukarutvalet i Helse Bergen blei innleia med ein presentasjon om Nasjonal helse- og sjukehusplan av Andreas Moan frå Helse- og omsorgsdepartementet (presentasjonen er lagt ved). Etter presentasjonen blei det tid til ein innspels- og dialogrunde med Moan.

Referat frå fellesmøtet med brukarutvalet i Helse Bergen blir skrivne av sekretær for brukarutvalet der, og eg sender det vidare til dykk så snart eg får det.

Saksnr	Emne	Ansvarleg
22/15 Kl 13.30	Godkjenning av protokoll.  Ingen kommentarar	Linn Bæra
23/15	Godkjenning av innkalling, og melding av eventuelsaker.  Ingen kommentarar til innkalling. Pål Berger meldte 1 sak om brukerkonferansen 2015, se evt.	Linn Bæra
24/15	Etablering av arbeidsutval (sak 20/15 frå sist RBU-møte.)  Linn Bæra gjekk igjennom utkastet ho har laga basert på innspel frå sist møte, og dette blir sendt ut på ein siste høyringsrunde. Fullmakt og arbeidsoppgåver for arbeidsutvalet vil bli tatt opp på neste RBU-møte. Det blei tilrådd at Linn Bæra og Grete Müller deltek i arbeidsutvalet, og at Kristin O. Lexow frå Helse Vest RHF ivaretek	Linn Bæra

	sekretærfunksjonen for utvalet.	
25/15	<p>Etablering av ressursgruppe (sak 18/15 frå sist RBU-møte. Forslag frå Linn Bæra lagt ved).</p> <p>Ein ressursgruppe kan bestå av tidlegare RBU-representantar, vararepresentantar og personer som representerer organisasjonane. Krav om brukaropplæring er viktig, samt at dei eksterne representantane kjenner til retningslinjene for brukarmedverknad i Helse Vest. Leiar meldte her om ein førespurnad frå styret i Helse Vest om korleis dette med etnisitet betre kan ivaretakast, og her vil ei ressursgruppe kunne vere til hjelp.</p> <p>Sjå vedlagte utkast frå leiar, som vil behandla på neste RBU-møte</p>	Linn Bæra
26/15	<p>Forslag til valprosedyre (sak 19/15 frå sist RBU-møte. Forslag frå Linn Bæra lagt ved)</p> <p>Leiar gjekk munnleg igjennom utkastet til valprosedyre, og det var ingen kommentarar. Prosedyren godkjent.</p>	Linn Bæra
27/15	<p>Rapportering frå styreseminar i Helse Vest</p> <p>Kort referat frå seminaret v/Linn Bæra</p>	Linn Bæra
28/15	<p>Deltaking i prosjekt/arbeidsgrupper. (Oppdatert oversikt lagt ved. Endringar merka med raud skrift)</p> <p><b>HVIS TID</b></p> <p>Utsett til neste RBU-møte grunna liten tid</p>	Linn Bæra
29/15	<p>Eventuelt</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tal på medlem i utval (sak frå sist møte, meldt av Claus Ingebrigtsen)</li> </ol> <p>Dette har vore behandla i RBU-møte den 26.november 2014, sjå vedlegg.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>2. Pål Berger informerte om Brukerkonferansen 2015, som finner sted den 10. november i Folkets Hus (Stavanger)</li> </ol>	Linn Bæra

Neste RBU-møte er den 29.04. 2015 hos Helse Vest. Hugs å bestille flybillett i god tid!